



MARIANNE SUNDSBØ SMÅBRUK
Røhagan 35A
0754 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helen Haaland, 5764 3080

Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen - produksjonstilskot 2019, del 2

Vi viser til søknad om dispensasjon innsendt 30.10.2019. Søknaden gjeld dispensasjon frå søknadsfristen for produksjonstilskot i jordbruket 29.10.2019.

Bakgrunn

Du opplyser at du oppretta søknad om produksjonstilskot del 2, men at du ikkje sende den inn. Då du skulle sende var det ikkje lenger mogleg, og du vart merksam på at fristen var 29. oktober og ikkje 31. oktober slik du trudde. Du ber om at den lagra søknaden får status som innsendt og vert behandla.

Regelverk

I følge forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (forskrifta) og Veileder til søknad om produksjonstilskudd, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid, og det same gjeld endringar i søknaden. Søknadsfristen er 15. oktober, med frist for endring 29. oktober. I 2019 vart søknadsfristen utsett til 29. oktober. Fylkesmannen kan i særskilde høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9.

Vurdering

Føretak som søkjer om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søkjar overheld dei ulike fristane i samband med søknad om produksjonstilskot.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2019 – 34 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlige tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta.

Søknadsfristen går fram av både forskrift og jordbruksavtalen og vert kunngjort kvart år i god tid før fristen går ut. Regelverket kring dispensasjon frå søknadsfristen er strengt. Du hadde tatt feil av dato for søknadsfristen og vi kan difor ikkje sjå at det i denne saka føreligg særskilde grunnar som gir grunnlag for dispensasjon.

Vedtak



Fylkesmannen gjev med heimel i *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9*, føretaket Marianne Sundsbø Småbruk, avslag på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2019.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap.VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland
fylkesagronom

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ